



Psykiater, polititar og samfunnsengasjert medmenneske, Hans Olav Tungesvik, med biografien Ei forfriskande livsreis.

Det er ikkje vanleg med bokmeldingar på uskedalen.no, bortsett frå reint lokale bøker. I dag gjer vi eit unntak. I biografien, Ei forfriskande livsreis, deler Hans Olav Tungesvik viktige hendingar frå eit innhaldsrikt liv. Mange i Uskedalen kjenner og har nære relasjonar til Tungesvik som talar, friluftsmenneske med årlege turar på Ulvanoso, frå mållagsarbeid, frå tida som radiolege og ikkje minst frå møte med Tungesvik som psykiater på Frihamnsenteret i Skånevik. Sjukepleiar Anne Margrethe Mathisen frå Uskedalen minnest Tungesvik i tida som lege på Odda sjukehus, det året ho var i praksis.

Tungesvik sitt fyrste opphald i Kvinnherad var som lærar på realskulen i Valen på 1950 talet. Seinare kom han att som lege på Valen sjukehus. I perioden 1965 til 1970 var han leiar i Noregs mållag og med seg i styret hadde han mellom anna historikar og seinare teolog Berge Furre og Sigurd Sandvik, rektor på Sunnhordland folkehøgskule på Halsnøy. Ei viktig sak var plassering av det som vart Akademiet i Rauland, tenkt som eit bygdeuniversitet lagt til Rosendal. Slik vart det ikkje. Kvinnherad var ikkje klar for denne oppgåva.

Hans Olav Tungesvik var medlem i Venstre fram til nokre år etter partiet sprakk på landsmøte på Røros hausten 1972. Thor Myklebust frå Uskedalen var ein sentral person i partiet Venstre og DLF på denne tida. Tungesvik vart så innvald på Stortinget for KR.F i to periodar.

Vi må ikkje gløyma 30 års arbeid i styret for Sunnhordland folkehøgskule, mange av desse åra i samarbeid med Sigvald Eik frå Uskedalen

Mange har såleis møtt Tungesvik i ulike samanhengar. Han skriv godt og mange vil ha nytte og glede av å lesa biografien hans. Boka er komen ut på Genesis forlag og er å få kjøpt på Kvinnherad Libris, Husnes. Forfattaren vil sjølv vera i bokhandelen på Husnes laurdag 17. desember kl. 12.30 for signering.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal